

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 30.04.2015

### SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT «KORREKT HANDSAMING AV DI SAK, GULEN KOMMUNE»
- KOMMUNEREFORMA I GULEN KOMMUNE. OPPNEMNING AV FORHANDLINGSUTVAL
- GMBR. FELLES BRANNORDNING/BRANNVERN FOR MASFJORDEN OG GULEN. EVALUERING AV ORDNINGA
- OPPSTART GULEN FRIVILLIGHEITSSENTRAL. GODKJENNING AV VEDTEKER
- PLAN FOR KOMPETANSEUTVIKLING I GULEN KOMMUNE 2015 - 2019
- BREKKE BARNEHAGE OG SKULE. GODKJENNING AV PROSJEKT BYGGING AV KLATREPARK
- EIVINDVIK BARNEHAGE OG SKULE, KJØP AV GRUNN. GODKJENNING AV AVTALE
- VASSFORSYNING GULEN SØR - OPPSTART AV UTBYGGINGSPROSJEKT

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10  
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordførar

### Kommunereforma

Eit fleirtal i Stortinget har vedteke at alle kommunar i landet skal utgreie mogelegheita av å slå seg saman med nabokommunar.



For å møta dei auka utfordringane i framtida, og eventuelle nye tenester må kommunane verte større og meir robuste meiner fleirtalet. Dette er eit arbeid med korte fristar for utgreiing og vedtak på eventuelle

samanslåingar. Kommunestyre i Gulen har gjort vedtak om at vi skal delta i tre utgreiingar: Vi skal utgreie Gulen som eigen kommune, vi skal utgreie Gulen, Masfjorden og eventuelle nabokommunar som Solund, Modalen og Høyanger sørside, og vi skal ta del i ei utgreiing som omfattar heile Nordhordland frå Lindås og Meland i sør til Gulen og Solund i nord.

Framdriftsplanen for arbeidet som er lagt frå dei sentrale myndigheiter er: Utgreiing frå no og ut året, med vedtak i kommunestyre fyrste halvår 2016, og vedtak i Stortinget om eventuelle endringar i kommunestrukturen vert i juni 2017. Ei eventuell kommunesamanslåing skal gjelde frå 2019, etter neste kommunestyreperiode.

Som vi ser så er her svært korte fristar for ei så viktig sak, ei sak som kan få store innverknader på korleis vi innrettar tenestene i våre område, og korleis vi på best måte kan organisere oss i framtida. Kommunen har starta utgreiinga av desse alternativa, og vi er heilt avhengige i det vidare arbeidet av at det er mange av innbyggerane som engasjerer seg i denne saka. Difor legg vi opp til folkemøter i alle skulekrinsane i slutten av mai der vi vil informere om arbeidet, og der vi håpar at de alle vil engasjere dykk og komme med meiningar og innspel til prosessen. I ettertid av folkemøta vil vi fylje opp med ein spørjeundersøking der eit utval av innbyggerane vert kontakta på telefon for å svare på nokre spørsmål.

Eg håpar mange vil stille på folkemøta no i mai for å gje oss råd på kva innbyggerane meiner om dette, og om prosessen vidare. Dette er som sagt ei særskild viktig sak for kommunen vår, og korleis vi organiserer oss i framtida til beste for alle innbyggerane våre.

Hallvard Oppedal  
Ordførar

## Engasjer deg i kommunereformdebatten

Kommunen har oppretta ei eiga e-postadresse der de kan sende inn innspel i prosessen.  
kommunereform@gulen.kommune.no

### Kommunen si heimeside - viktig informasjonskanal!

På [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) vil de under **Aktuelt – Kommunereform** finne sist oppdaterte informasjon om kva som skjer i arbeidet med kommunereforma i Gulen kommune. Her vil det fortløpande verte lagt ut generell informasjon om prosessen og t.d. referat frå møter.

### Kartlegging – bruk av kommunehuset

I mai månad vil de som besøker kommunehuset i Eivindvik verte registrert i ein statistikk som vil kunne fortelje oss noko om innbyggjarane sin bruk av tenestene på eit kommunehus. Ved oppmøte på kommunehuset vil de kunne oppleve å verte spurd om kva avdeling de skal besøke i dag.

Undersøkinga er anonym på den måten at det vert gjennomført registrering pr. person – ikkje namn. De vil sjølvsagt ha høve til å takke nei til å gje informasjon om kva avdeling de skal besøke, de vert då berre registrert som 1 stk besøkande.

Registreringa vil gje oss nyttig informasjon i arbeidet med å vurdere kva tenester som krev eller medfører faktisk besøk på kommunehuset.

### Kommunereforma – bygdemøter

Det vert gjennomført bygdemøter i samband med gjennomføring av kommunereforma i Gulen kommune. Det er viktig at de som innbyggjarar kjem med meiningar og innspel.

Brekke skule - Risnehallen:  
20.05.2015 kl. 19.30

Dalsøyra Samfunnshus - matsalen:  
21.05.2015 kl. 19.30

Byrknes skule – gymsalen  
26.05.2015 kl. 19.30

Eivindvik - Gulasalen på  
kommunehuset:  
28.05.2015 kl. 19.30

### Engasjer deg i eit viktig tema. Alle er hjarteleg velkommen.

**Supert om du som er ungdom ynskjer å vere med i debatten. No kan du vere med å påverke framtida i kommunen din!**

### Husvære til flyktningar



Gulen kommune har vedtatt å busette ti flyktningar med opphaldsløyve kvart år i perioden 2014-2016.

På hausten 2014 busette me to familiar på til saman 8 personar frå Syria i Eivindvik. Dei fire borna går på skule og barnehage, og dei fire vaksne deltek på eit introduksjonsprogram der dei lærer seg norsk, og får førebudd seg på deltaking i norsk arbeidsliv. Norskopplæringa i introduksjonsprogrammet finn stad på Eivindvik skule.

I år ønskjer me primært å busette flyktningar i bygdene Dalsøyra og Byrknes. Kommunen disponerer få utleigebustader andre stader enn i Eivindvik, og me freistar difor å kome i kontakt med privatpersonar som kunne tenke seg å leige ut husvære frå sommaren. Det er ein fordel at aktuelle husvære har gangavstand til skule, barnehage og butikk.

Kommunen kan stå som leigetakar med avtale om framleige, og vil vere veldig nøye med å følgje opp leigetakarane i bustaden.

Dersom du ønskjer å leige ut, eller har spørsmål i samband med dette, kan du ta kontakt med flyktningkonsulent

Eirik Magnar Høydal  
[eirik.hoydal@gulen.kommune.no](mailto:eirik.hoydal@gulen.kommune.no) eller  
Telefon 57 01 63 36.

## Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015

I år er det kommunestyre- og fylkestingsval. Dette betyr at det skal veljast eit nytt kommunestyre med tilhøyrande formannskap, utval mm. for perioden 2015-19

### Endring av røystekrinsar

Valstyre vedtok i møte 13.03.2015 å slå saman røystekrinsane Eide og Dalsøyra til ny røystekrins Dalsøyra.

Etter denne endringa vert stadfesta har kommunen følgjande røystekrinsar:

- Brekke
- Byrknes
- Dalsøyra
- Eivindvik

### Innleverte listeforslag til kommunestyrevalet 2015

Fristen for å levere inn listeforslag til kommunestyrevalet 2015 gjekk ut 31.03.2015 kl 12.00.

Gulen kommune mottok i alt seks listeforslag innan fristen og desse er frå følgjande parti:

- Arbeiderpartiet
- Framstegspartiet
- Høgre
- Kristeleg Folkeparti
- Senterpartiet
- Venstre

Listeforslaga ligg til offentleg ettersyn ved kommunehuset fram til 04.05.2015 og skal etter planen godkjennast av valstyre i møte 15.05.2015.

### Meir informasjon om valet

Meir informasjon om valet vert fortløpande lagt ut på kommunen si heimeside. I tillegg vil det verte utsend ein eigen val-Infopost i løpet av mai månad.

Sjå elles. [www.valg.no](http://www.valg.no)

## Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimeside



[www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt](http://www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt)

I dag pågår 12 arealplanar, blant anna følgjande:

### Reguleringsplanar

Til godkjenning:

1999004 Børtnes Bustadfelt Byrknes  
17.04.2015

(inkludert endring for snuplass og parkering)

Planforslag 1. gongs høyring:

2010008 Nappen hyttefelt, Mjømna frist  
17.04.2015

Planforslag levert for administrativt vurdering:

2014005 Prestesundet Bustader, Eivindvik

Planarbeid pågår:

2008001 Taskebotn hytter

2009005 Dingeneset sør hyttegrend

2011001 Storevågsneset, Brandanger

2013003 Gulen industrihamn,

reguleringsendring

2014002 Brandanger gbnr. 75/1,3,5 spreidd bygg

2014003 Veg Skipavika – Brandangerbrua Fv4

2014004 Mjømna bubil camp og båtferie

2015001 Fryselagar Byrknes Kalvøyma

Planoppstart, førebuing varsel med planprogram pågår:

2014006 Oppdrettsanlegg Ortneset, Brekke

Anna plan-nytt:

Andre gongs handsaming regionale planar for vassregion Nordhordland

## Prosjektnytt

Forprosjekt symjehall Dalsøyra, andre møte i mai

Anbudsrunde for tiltak snuplass Byrknes skule pågår

Tilbudsfristen var 13.04.2015.



## Oppstart av Gulen Frivilligsentral

7. april starta Gulen kommune opp sin Frivilligsentral. Vivian Våge er tilsett som leiar for sentralen, og skal jobbe i 70 % stilling. I Gulen kommune er dette eit nytt folkehelseiltak, sentralen skal opprettast frå starten av. Dermed vil det ta noko tid å kome i gang.

Målgruppa for Frivilligsentralen er alle våre innbyggjarar på tvers av generasjonar, men spesielt born og unge, tilflyttarar, innvandrarar og menneske med lite opparbeid nettverk, heimebuande eldre og personar som bur på bu- og omsorgs-sentra/institusjon.

Målet er at Frivilligsentralen skal vere eit kontaktpunkt og kraftsenter for menneske, foreiningar/lag og det offentlege. Den er open for alle som ynskjer å vere med på frivillig verksemd.

Frivilligsentralen skal jobbe for å styrke samarbeidet mellom bygdene i kommunen, styrke integrering, skape felles møtestader som stimulerer til auka frivillig aktivitet og samarbeid. Den skal vere ein aktiv samfunnsaktør som skaper gode lokalmiljø og hjelper til med å koordinere lokalt engasjement, nærmiljøutvikling og kulturelt mangfald.

Oppgåver vil bli organisering og samordne aktivitetar for våre innbyggjarar, bidra til å skape møteplassar for frivillig arbeid, tur/besøksteneste, «aktiv på dagtid», ha oversikt over det aktivitetstilbodet som finnast i kommunen, og vere ein motivator for både deltaking og styrking av frivillig arbeid.

Det finst mange gode tilbod i kommunen, og vi er avhengig av eldsjelene. Vi er og avhengig av deg som ynskjer bidra med noko, vi har ulike interesser og alle er like viktige. Frivilligsentralen skal ikkje overta eller konkurrere med nokon av laga som yter tenester, eg håpar vi kan bli samarbeidspartnarar og hjelpe kvarandre.

Ynskjer du yte eller nyte er det berre å ta kontakt på tlf. 57 78 20 66 eller e-post: [vivian.vage@gulen.kommune.no](mailto:vivian.vage@gulen.kommune.no)

Frivilligsentralen ligg i kommunehuset, men eg skal jobbe desentralisert så det blir nok ein del besøk rundt i heile kommunen.

Håpar å høyre frå deg!

NB! Gulen frivilligsentral inviterer leiarar i dei ulike lag og organisasjonar til informasjonsmøte torsdag 23.04.15 kl 19.00-22.00 på Dalsøyra Samfunnshus. Innkalling er sendt ut til dei eg har oversikt over, men det kan vere at nokon manglar på lista vår. Dei det gjeld er med dette invitert.

Mvh  
Vivian Våge  
Leiar for Frivilligsentralen

## Næringsfond

Det kommunale næringsfondet skal nyttast til å fremje etablering av ny verksemd og til utvikling av næringslivet. Fondet kan òg nyttast til infrastrukturiltak og tiltaksarbeid.

Meir info ligg på [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no). Ta elles kontakt med GMU (Gulen og Masfjorden Utvikling), som er Gulen kommune sitt næringsapparat, om du har ein ide du ynskjer å gå vidare med og ynskjer å søkje om midlar frå næringsfondet.

GMU, Sløvågen 2, 5960 Dalsøyra  
Tlf. 476 05 190

E-post: [solveig@gmu.no](mailto:solveig@gmu.no)

## Etableringstilskot til bustad

Er du ung og ynskjer å busette deg i kommunen?

Det kan etter søknad gjevast etableringstilskot til bygging av nye bustader i Gulen kommune eller til kjøp og/eller restaurering av eldre bygningar.

Fullstendige retningsliner og framgangsmåte for etableringstilskot finn du på heimesida tilkommunen under linken Etableringstilskot.

## Vårteljing 2014

Vårteljinga starta 27 mars, vidare teljing 10 april og 24 april.  
Tilbakemeldinga så langt er bra med dyr.

### Viltforvaltninga – fristar

1.mars: Forslag om endring av minsteareal  
1.april: Melde inn endra valdsgrenser og eigeomsforhold  
15.april - Kommunen skal i forskrift fastsetje endra minsteareal  
1.mai - Søknad om godkjenning av vald og bestandsplanområde  
15.juni - Kommunen skal godkjenne vald, bestandsplanområde og vedta fellingsløyver.

### Grenselaus hjorteforvaltning

Blir det som jegrar og grunneigarar sjølv føreslår så blir det oppretta store nye område med felles bestandsplan. Hjorteforvaltninga vil organisatorisk sjå svært annleis ut enn i dag, og det blir eit stort steg i rett retning, seier Arve Aarhus, leiar for prosjektet Forvaltning av hjortebestand som starta i 2013.

Hordaland har i dag 124 godkjende bestandsplanar, nabofylket lenger nord har 134. Arbeidsgrupper, beståande av hjorteinteresserte grunneigarar og jegrar, har i prosjektet føreslege å endre dette til om lag 20 for kvar av regionane. I tillegg vil desse nye bestandsplanområda også omfatte dei områda som i dag står utanfor arbeidet med grunneigarstyrt hjorteforvaltning. Prosjektet vil truleg føre til at alt areal på heile Vestlandet blir forvalta etter grunneigarlaga planar om kort tid. Dette er i tråd med overordna nasjonale strategiar og mål.

Arbeidet viser at grunneigarsida både vil og kan, hevdar Aarhus. Ny kunnskap om hjort og områdebruk kopla med forenklingar i forskriftskrava til samarbeid mellom hjortevalda, gjer til at grunneigarsida no har meir høve enn nokon gong til å få til hjorteforvaltninga seier Aarhus, som jobbar for Utmarksavdelinga felles for Vestskog og Sogn og Fjordane Skogeigarlag.

Til no har vi stort sett samla kunnskap og informasjon, no er tida inne for å bruke kunnskapen hevdar han. Vi kan det vi treng å vite for å betre forvaltninga. Målet i andre enden er etterlengta – ei meir forutsigbar og styrt utvikling av hjortebestandane.

Det har vore hovudutfordringa i mange år. I mange tilfelle er utviklinga tilfeldig. Vi kan t.d ikkje vente at nokon ønskjer å realisere næringsutvikling, gjera investeringar, på grunnlag av ein ressurs ein ikkje er trygg på utviklinga av, illustrerer Aarhus. Hjorteforvaltninga må bli meir forutsigbar. Tilfeldig bestandsutvikling er utrygt for både jegerar og ikkje minst skadeutsette bønder som kan vera sterkt plaga av store hjortebestandar hevdar Aarhus, og understreker med det behovet for endring.

Merkjeprojekta har vist at verken kommunegrenser, valdsgrenser eller fylkesgrenser er styrande for hjorten, men at dei er til dels veldig styrande for forvaltninga vi har hatt til no. Skal vi få til betre kontroll på hjorteutviklinga må ein forvalta på tvers av dagens administrative inndelingar, og sjå områda hjorten brukar i samheng. Kunnskapen ligg der. Det er berre å gjera det, hevdar Aarhus framoverlent og optimistisk.

Prosjektet starta i 2013 og vil halde fram til 2017. Prosjektet er finansiert av kommunale, fylkesvise og sentrale viltfond.

<b>Hjortejakta 2014</b>	År	2010	2011	2012	2013	2014
I 2014 vart det tildelt 748 dyr og vi fekk felt 628 dyr, dette utgjør 82 %.  Det har vore ein liten nedgang frå 2012 og 2013, men ikkje meir enn 10–15 dyr.	Tildelt totalt	710	755	760	766	748
	Felt hannkalv	69	63	66	65	55
	Felt hunnkalv	69	81	77	79	67
	Felt hanndyr 1 ½ år	86	118	138	126	135
	Felt hunndyr 1 ½ år	110	121	101	97	92
	Felt hanndyr eldre	145	143	98	107	126
	Felt hunndyr eldre	149	144	142	154	129
	Felt totalt	628	670	622	628	604
	Fellingsprosent	88,45	88,74	81,84	81,98	80,75

## Vedkomande stenging av Fv 57 ved Undal og Nesetunnelen

Vi oppmodar alle om å sjekke vegvesenet sine heimesider for oppdatert informasjon om stenging av tunnel ved Undal og Nese.

[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

## Støttefamilie/besøksheim

Barneverntenesta treng støttefamiliar.

Er du/de den vi treng? Har du tid å dele med andre?

Ein støttefamilie er ein familie som kan romme andre barn, og la desse borna vere ein del av familien. Me treng familiar som likar å vere fleire, kreative, og som kan gje omsorg og nærleik. Dei som kunne tenkt seg å vere ein ekstraressurs for andre, kan ta kontakt med oss.

Dei vi tilsett må leggja fram nyare politiattest. De vil få ei godtgjersle for å vere ein støttefamilie, og de vil rettleiing. Vil du vite meir, ta kontakt med oss!!

Barneverntenesta  
Jane Hesjedal: 57 78 20 61  
Anne Marit: eller 57 78 20 62

## Redusert kapasitet på økonomiavdelinga

Gulen kommune har for tida vakanse på økonomiavdelinga, noko som betyr at avdelinga har noko redusert kapasitet.

Vi ber om forståing for at vi ikkje kan yte same service i denne perioden som elles.

For spørsmål om sjølvmelding og berekning av skatt, kontakt Skatteetaten på

tlf 800 80 000.

For spørsmål om utbetaling eller innbetaling av skatt, kontakt Skatteoppkrevjarkontoret tlf 57 78 20 22.

Kontoret er stengt måndag og torsdag.

## Kommunale hjelpemiddel i Gulen

Har du vore uheldig og skada deg, eller treng du hjelpemiddel etter ein operasjon? Det er ofte ergoterapeut på sjukehuset eller på behandlingssenteret som anbefalar kva hjelpemiddel som kan vere nyttig for deg å ha når du kjem heim.

Nokon ganger står det i brevet frå sjukehuset kva hjelpemiddel du treng å ta med deg når du skal dit.

I kommunen vår har vi hjelpemiddel som kan lånast ut for ein begrensa periode (inntil to år).

Du kan låne:

**Toalettforhøgar**, denne har gode og stødige håndtak på kvar side.

**Dusjstol**, kan enkelt slåast ihop etter bruk, og tar då liten plass på badet.

**Rullator**, god og stødig både ute og inne, den har ei lita korg, slik at du kan transportere med deg små ting. Ein kan også sitte og kvile seg på rullatoren om nødvendig.

### Rullestol

**Klype**, med denne kan du ta opp små ting som dett på golvet.

**Arbeidsstol**, denne er utstyrt med hjul og bremsar. God på kjøkkenet, når du skal lage mat og ikkje klarer stå så lenge.

**Preikestol**, stødig når du skal ha gåtrening og ikkje kan belaste for mykje.

**Krykker**, til barn og vaksne.

Vi har kommunale hjelpemiddellager på alle bu- og omsorgsentra i kommunen. Ta kontakt med meg eller det omsorgssenteret som ligg nærast deg.

Vi vil hjelpe deg så langt vi kan, slik at du kjem deg godt og trygt gjennom opptrenings-/rehabiliteringstida di .

Helsing Reidun Eide  
Hjelpemiddelansvarleg  
Telefon 94 50 67 89

## Basar ved Dementavdelinga, Gulen sjukeheim

Etter suksessen i fjor var det lett å ta til å arrangerer ein ny basar. Inntektene frå i fjor har gått til Sansenhagen vår, der vi har bygd opp eit fiskarbondemiljø med ein utebod, platning/kai, fått på plass ein robåt i «fjøra», kaniner er flytta inn og tre og busker er planta. Det vart eit kostbart prosjekt, men med god hjelp frå Svein Lammetun og Gunnar Tveit er vi kommen vel i mål. Vi ynskjer takke dei for god innsats og fleksible løysingar!

Sansehagedrifta kostar litt, samstundes som vi endå har fleire ting vi ynskjer få på plass i hagen. Dermed vart det ny basar, der vi inviterte bebuarane ved avdelinga og deira pårørande. I tillegg dukka det opp andre bebuarar og pårørande ved sjukeheimen, noko vi set stor pris på. Åresalget gjekk unna, og loddbøkene vart fylte. Under basaren fekk vi god hjelp av Ellen Merete Molde Oppedal og Vilde Sofie Sleire, som tok dette som Operasjon Dagsverk. Tusen takk til driftige og smilande jenter!

Vi ynskjer å takke alle som har bidrege til basaren vår. Vi har møtt stor velvilje hos loddselgarar, loddkjøparar, motteke mange og flotte gevinstar, og mottok fleire flotte kaker til basaren. Inntektene blei NOK 18.500,- Dette er vi veldig fornøgd med, og ynskjer nytte pengane til å heve standarden i hagen ytterligare. Vi ynskjer oss bl.a. meir belysning, noko som er kostbart.

Pasientane våre hadde ei fin stund saman med sine nermaste. Basar er ein aktivitet dei kjenner godt. Vi håpar å få nytte midlane på ein fornuftig måte, og oppfordrar alle besøkande til å nytte hagen vår saman med sine.

Vivian Våge, dåverande avdelingsleiar for dementavdelinga ved Gulen Sjukeheim



## VIPS-modellen



Tilsette på Dementavdelinga ved Gulen Sjukeheim held på med eit undervisningstilbod om miljøbehandling som varer i ca. et år. I samband med det vart det organisert eit interkommunalt seminar over to dagar i Leirvik, der vi fekk undervisning i bruk av VIPS-modellen.

VIPS er ein metode som omfattar heile avdelinga. Modellen er ein behandlingsmetode som går ut på at ein set seg inn i pasienten sin situasjon, og på den måten prøver å forstå ulike reaksjonar hos vedkommande pasient. Det er då lettare å finne rette måten å tilnærme seg pasienten på, slik at ein kan unngå negative og uverdige situasjonar.

Det er ikkje ulikt måten det vert jobba på ved dementavdelinga ved Gulen sjukeheim i dag, men med VIPS-modellen er alt sett i system. Vi starta opp med VIPS-modellen i januar 2015. Det er viktig at personalet får gode opplysningar om livet til pasienten, kva som har vore viktig, kva som har gjort inntrykk, positive og negative ting, kva han/ho likar eller mislikar osv.. Det vert brukt eigne skjema, som bør utfyllast saman med avdelingssjukepleiar eller primærkontakt. Opplysningane kan komme frå pasienten og/eller pårørande.

Opplysningane vert kun brukt i behandlinga, og er elles underlagt teieplikta.

Det omtala seminaret vart organisert som eit samarbeid mellom Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane og Nasjonalt kompetansesenter for Aldring og helse.

Vil du vite meir om VIPS-modellen kan du sjå på nettside:

<http://helsekompetanse.no/fagnett-miljobehandling/14627>

*Demensteamet i Gulen kommune*  
**Tlf. 41 61 09 72 / 95 70 25 51**  
*måndag til fredag, kl.12.00- 16.00*

## Prosjekt Gamlestova



På Gulen sjukeheim i Eivindvik er ei koseleg stove som treng rehabilitering. Namnet på stova er **Gamlestova**. Gamlestova vart teken i bruk i 1960. Det vil seie at innreiinga er meir enn 50 år gammal og den er sliten på grunn av flittig bruk. I tilknytning til Gamlestova er det også eit kjøkken.

Gamlestova vert brukt av mange, til fleire ulike aktivitetar, til dømes:

- Pasientar ved sjukeheimen sit og nyt utsikten, ser på TV, les, drikk kaffi osv.
- Pårørande og pasientar feirar merkedagar, eller nyttar stova ved besøk.
- Frivillige lagar tilstellingar både for dei som bur på sjukeheimen og folk utafrå.
- Aktivitetar for personar med demens som bur i kommunen
- Sosiale samlingar for personar med psykiske problem
- Undervisningslokale for internundervisning
- Møteverksemd
- Lunsjrom for personale som jobbar i kontorfløyen
- Val -lokale
- Med meir

Tre av personalet, som òg er aktive medlemmar i Eivindvik Sanitetslag (NKS), har teke initiativ til å starte eit prosjekt som går ut på å pusse opp Gamlestova og kjøpe nye møblar. Meininga er å behalde den opprinnelege stilen og det koselege, "gamle" preget.

For å kunne gjennomføre prosjektet treng prosjektgruppa ca kr. 200.000,-. Eivindvik Sanitetslag vedtok på Årsmøte 2015 å jobbe med dette prosjektet, via prosjektgruppa. Prosjektgruppa samarbeider med kommunen, som tek seg av vindaug og verandadør, samt ein del av arbeidet med golv og vegger, mens prosjektgruppa skaffar det som trengs. Ein vil bruke eigen prosjektkonto i kommunen, slik at ein får momsfratak på det som vert innkjøpt. Det vert søkt om pengar frå andre frivillige organisasjonar, då Gamlestova vert brukt av

innbyggjarar frå heile kommunen. Det vert òg søkt om støtte frå det private næringsliv.

Er det privatpersonar som ønskjer å støtte prosjektet med pengar, kan ein bruke kontonummer: **3817 070 1051**, og merke summen med prosjekt: **8304 Gamlestova GS**.

Styret i Eivindvik sanitetslag

### Takk

Gulen seniordans rettar ei stor takk til lag og organisasjonar og kommunen for god støtte. Seniordansen er komen for å bli! Me er no 34 medlemmar, interessa er stor og det møter jamnt over 24-26 på øvingane. Det er plass til fleire så de er velkomne i gruppa. Vi skal no kjøpe inn nytt høgtalaranlegg.

Formann Anny Lihaug

### Respekter bålforbodet

Norsk brannvernforening minner om det generelle bålforbudet som gjeld frå 15. april til 15. september.

Med aukande brannfare i skog og mark er det viktig at folk respekterer det generelle bålforbudet, seier administrerande direktør Dagfinn Kalheim i Norsk brannvernforening.

Den auka brannfaren skuldast at skogbotnen mange stadar er i ferd med å tørke opp etter vinteren. Samstundes er ikkje våren kome langt nok til at vegetasjonen har rukke å bli grøn.

På denne tida av året skal det ofte ikkje meir enn ein liten gnist eller sigarettglo til for å antenne gammalt gras, planterestar og kvistar som ligg på bakken, understreker Kalheim.

Folk bør opptre varsomt ved bråtebrenning og unngå bruk av open eld i skog og skogmark. Uforsiktig omgang med eld, som for eksempel bålrensing og grilling, er den hyppigaste årsaken til brannar i skog og mark. Så mange som ni av ti skogbrannar skuldast menneskeleg aktivitet. Andre årsaker er gnister frå jernbane og lynnedslag.